



Jonny Spjell  
Lynghaugane 14  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/49 - 15/2294

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
04.02.2015

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 108/179

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 07.01.15. Søknad gjeld oppføring av tilbygg til bustad på eigedom gbnr. 108/179.

### Nabovarsel:

Det ligg ikkje føre dokumentasjon som syner at heimelshavar av gbnr. 108/604, Lindås tomteselskap AS er varsla om tiltaket (Hagellia 4, 5914 Isdalstø).

### Planstatus:

Eigedomen er omfatta av reguleringsplan - Kolås II del av gnr. 107 og 108, planid. 1263-22071974 Planområde A, bygging av bustad inneheld ikkje grense for grad av utnytting. Plassering av bustad er synt på plankart for området.

### Privatrettslig:

Det ligg føre privatrettsleg avtale med heimelshavar av gbnr. 108/236 om plassering av tiltak inntil 1 m frå eigedomsgrense, avtala er datert 07.11.14

Det må leggjast fram tilsvarende privatrettsleg avtale med heimelshavar av eigedom gbnr. 108/237, heimelshavar Harald Bauge, då tiltaket er plassert nærare eigedomsgrense enn 4 m, jf. pbl § 29-4, 2.ledd.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Lindås Tomteselskap AS, eigar av gbnr. 108/604 må nabovarslast.
2. Tiltaket er plassert nærare grense mot gbnr. 108/237 enn 4 m. Det må leggjast fram privatrettsleg avtale med heimelshavar av eigedom gbnr. 108/237, heimelshavar Harald Bauge, jf. plan og bygningslova § 29-4, 2.ledd.



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.03.15. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming. Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad.

#### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

#### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tor Hegle  
einingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakarar:**

Jonny Spjell

Lynghaugane 14 5955

LINDÅS